

NOTAT FRÅ Olav Fykse Tveit

TIL MKR ANG SAK 36/06: OPPFØLGING AV KV'S 9. GENERALFORSAMLING I PORTO ALEGRE , FEBRUAR 2006

1. Det er diverre ikkje vorte lagt ferdig eit dokument for KM som presenterer generalforsamlinga og resultatet av den før MKR-møtet 10.09.06. Gen.sekr. har ikkje funne det mogeleg å setje det øvst på prioriteringslista etter somaren før MKR-møtet. Det skal bli gjort ferdig før fristen for KM-papir, 22.09.06. MKR vil få det tilsendt samstundes.
2. MKR har fått rapportane frå delegatene, den siste som er kome inn (frå Harald Gundersen) ligg ved papira til septembermøtet. MKR har også hatt høve til å drøfte generalforsamlinga tidlegare, på mars-møtet.
3. Presentasjonen på Kyrkjemøtet 2006 vil skje langs tre linjer:
 - a. Det vert lagt ein kort presentasjon for plenum (15 min) med tekstar, bilete, musikk og kommentarar frå delegasjonsmedlemene. Dei (den = Kirsiti Guvsam) som ikkje er KM-deltakarar, vert inviterte spesielt til denne samlinga. Kommentarene er tekne frå rapportane delegatane har lagt. Denne presentasjonen vil følgje malen frå den vi hadde etter generalforsamlinga i LVF i 2003.
 - b. Det vert lagt opp til at gudstenestelivet på KM 2006 vert prega av tema og materiale frå generalforsamlinga i Porto Alegre. Estrid Hessellund er med i gudstenestekomiteen for KM, og har arbeidd spesielt med dette materialet.
 - c. Det vert lagt ein kort rapport med oppsummerande informasjon og vurderingar om hovudtrekka i generalforsamlinga, samt nokre opplysningar om vedtak på Sentralkomitemøtet i september 2006. Det er ikkje lagt opp til at komiteen på KM skal ha ei brei og vid drøfting av denne rapporten, men at dei skal få den til orientering.
4. Det vert gjeve ei muntleg orientering om KV sentralkomitemøte på septembermøtet. Skriftleg rapport vert lagt fram så snart som råd.
5. KV har lagt ei bra brosjyre som viser med tekst og bilete hovudemner frå generalforsamlinga. Den vert lagt ved KM-papira.